



Dato: 28.05.2015

Saksbeh.: Ann-Heidi Paulsen Orvik

Arkivref: 2014/83-61 / 000

Utvallssaksnr	Utvall	Møtedato
15/34	Formannskapet	09.06.2015
15/22	Kommunestyret	18.06.2015

Status kommunereformarbeidet i Sandøy per juni 2015

Vedlegg:

Uprenta: Prosjektplan - Kommunereforma i Møre og Romsdal, Fylkesmannen, datert den 8.12.2014

1. Uttale fra Eldrerådet
2. Uttale fra Rådet for likestilling av funksjonshemma

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar status per juni 2015 i lokalt arbeid med kommunereforma til vitande.

Saksframlegg og vedtak oversendast som statusrapport for lokalt arbeid til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan 1.7.2015.

Saksprotokoll i Formannskapet - 09.06.2015

Behandling:

Ordføraren sette fram flg. endringsforslag:

Pkt. 2 i framlegget til vedtak vert tatt bort.

Nytt pkt 2 vert:

Statusrapporten vert brukt som grunnlag for svar på den elektroniske spørjeundersøkinga.

Vedtak:

Formannskapet tilrår samråystes:

1. Kommunestyret tar status per juni 2015 i lokalt arbeid med kommunereforma til vitande.

2. Statusrapporten vert brukt som grunnlag for svar på den elektroniske spørjeundersøkinga.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.06.2015

Behandling:**Vedtak:**

Samråystes som tilrådinga frå formannskapet.

SAKSUTGREIING

BAKGRUNN FOR SAKA

I brev frå Fylkesmannen inkludert prosjektplan datert 8.12.2014, er det gitt ei bestilling på oversending av status i kommunereformarbeidet i alle kommunar i fylket innan 1.7.2015.

SAKSOPPLYSNINGAR

Sandøy kommune starta arbeidet med reforma ved årsskiftet i 2014/2015. Fleire frå politisk og administrativ leiing deltok på møte, gjennom Sunnmøre regionråd, med statsråd Sanner den 28.1.2014.

På ordførarnivå blei det tidleg bestemt i representantskapet for Sunnmøre regionråd at regionrådet skulle ha ei koordinerande og tilretteleggande rolle i arbeidet på vegne av alle Sunnmørskommunane.

I kommunestyresak 14/35, blei KS – Kommunenes sentral forbund - gitt rolle i lokalt arbeid, og i kommunestyresak 14/54 blei prosjektgruppe for lokalt arbeid oppnemnt og gitt mandat.

Formell oppstartssamling for arbeidet med reforma blei arrangert av Fylkesmannen den 17. september 2014, med deltaking frå Sandøy. Arbeidet kom sterkest i gang gjennom Arena Sunnmøre i Ålesund den 25.9.14, der formannskap og rådmenn frå heile Sunnmøre stilte saman i arbeidsmøte for arbeidet i regionen. I dette møtet blei resultata frå første spørjeundersøking av innbyggjarane i regionen presentert, på kommunenivå og regionnivå om vilje og ønskje til samanslåing.

Fylkesmannen oppmoda kommunane til å utpeike lokal koordinator for arbeidet med kommunereforma som også skulle fungere som lokalt kontaktledd mot Fylkesmannen. I Sandøy er dette ordførar Hans Endre Sæterøy.

I januar 2015 sendte ordførarane i Haram og Ålesund ut invitasjon, og inviterte alle ordførarar og rådmenn i kommunane Haram, Sandøy, Giske, Sula, Ålesund, Ørskog, Vestnes, Norddal, Stordal, Stranda og Sykkylven til møte i Haram den 26.1.15. Målet med møtet var å sondere interessa for å utgreie ein regionkommune på nordre Sunnmøre.

Kommunestyret i Sandøy behandla i K-sak 15/9 Kommunereformarbeidet i Sandøy - "oppstart og framdrift", som byggjer på føresetnader gitt i K-sak 14/54. Her blei ein mellom anna samde om å vere med i utgreiingsarbeidet med storkommunen på nordre Sunnmøre, seinare gitt nytt namn *Regionkommunen*. Det var eit mål å vere opne for å ta del i utgriing av andre alternativ også. Basert på vedtak i denne saka er Sandøy løyvd kr 200 000 i skjønnstilskot frå Fylkesmannen til kommunereformarbeidet i 2015.

Haram kommune gav i starten av 2015 orientering om at dei har i sitt prosessvedtak å utgreie alternativet *Haram og Sandøy*. Vi har denne vinteren/våren hatt samarbeid med Haram kommune om LUK prosjekt, med formål å sjå på potensialet for Nordøyane samla med Nordøyvegen sitt kome. Det er avklart mellom kommunane at ein gjer ferdig dette arbeidet først, og legg informasjon frå denne prosessen til grunn for utgreiingsarbeidet med Haram. Haram kommune ved ordførar har invitert prosjektgruppa i Sandøy til naboprat den 8.juni 2015.

Sandøy kommune blei etterkvart invitert inn i *Landkommune Solnor* alternativet. Dette alternativet inkluderer kommunane Vestnes, Ørskog, Stordal, Norddal, Skodje, Haram og Sandøy. Arbeidet både i regionkommunealternativ og landkommunealternativ er koordinert frå

regionrådet, og følger same lest. I kvart av alternativa er det ei koordineringsgruppe frå deltakarkommunane, ei styringsgruppe av alle ordførarar, og 4 arbeidsgrupper som skal leggje fram tilrådingar innan tema som økonomi, demokrati, tenesteyting og myndeutøving og samfunnsutvikling. Alle arbeidsgruppene skal ha utarbeidd eit grunnlag til juni, og skal presentere ein rapport og brosjyre til innbyggjarane i september 2015.

Ordførar har hatt kontakt med ordførar i Aukra, men det er ikkje kome nokon kontakt frå Romsdal om å vere med i nokon av dei alternativa dei utgreier. Det har vore ei mobilisering i samfunna Orta, Ona og Sandøya for at Sandøy også skal utgreie eit alternativ mot Romsdal. Dette har vore drøfta i kommunestyret. Kommunestyret har ikkje ønskja å så nokon som helst tvil om grunnlaget for Nordøyvegen, samt har avventa kontakt frå Romsdalen. Med Nordøyvegen sitt kome, vil Harøya og Finnøya bli knytt sørover, og ei deling av kommunen kan bli aktuelt.

Kommunestyret behandla i K-sak 15/15 informasjons- og milepælsplan for arbeidet med kommunereforma i Sandøy, og i K-sak 15/16 SWOT analysar frå Sandøy kommune til utgreingsalternativa *Landkommunen Solnør* og *Regionkommunen*.

Det er halde to av tre folkemøte planlagd våren 2015 når denne saka blir skrive den 29.5.2015.

Første folkemøte hadde som tema dei 3 ulike kommunesamslåingsalternativa

1. Regionkommune
2. Landkommune Solnør
3. Haram + Sandøy

Innbyggjarane fekk først orientering om prosess og alternativ av ordførar, og etter dette sette dei seg saman i grupper og gjekk gjennom styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar for Sandøy kommune i dei ulike alternativa. Nærare 70 personar deltok på første folkemøte. Det blei også arrangert personalmøte for alle tilsette i kommunen over same lest, samt møte med Ungdommens kommunestyre. Innspela frå desse møtepunktta blei behandla av prosjektgruppa og kommunestyret før oversending til koordineringsgruppa i dei like alternativa.

Folkemøte nr 2 blei arrangert den 28.5.2015. Nærare 100 personar tok del. Ordførar presenterte innleiingsvis reformarbeidet til no, før administrasjonen presenterte utfordringane for kommuneorganisasjon og lokalsamfunn kommande 10 år. Dagleg leiar Nils Erling Finnøy ved Finnøy Gear & Propeller held innlegg om lokalt næringsliv sine forventningar til kommunereforma, og leiar av Ungdomens kommunestyre Åse Kristin Ask Bakke held innlegg om ungdomen sine forventningar. Etter pause held kvar av dei fire ordførarkandidatane ved kommunevalet hausten 2015 eit innlegg om korleis dei såg lokalsamfunnet sine utfordringar før det blei debatt leia av redaktør i lokalavisa Nordre. Tilbakemeldingane var at dette var eit godt og nytig møte.

Siste folkemøte som så langt er planlagd, skal gjennomførast måndag den 22. juni 2015. Dette møtet skal fokusere på potensialet for Nordøyane og vert leia av Telemarksforsking, som gjer undersøkingane og skal presentere rapport om dette i september til kommunane Haram og Sandøy.

I vedteken milepælsplan har Sandøy tatt mål av seg til å gjennomføre innbyggjarundersøking i slutten av august 2015. Denne vert utsett og skal gjennomførast saman med dei andre kommunane på Sunnmøre, over same lest som undersøkinga i oktober 2015. Fylkesmannen har lovd inntil kr 100 000 i 2015 til dekking av utgifter i samband med innbyggjarundersøking.

Dette er presisert skal vere undersøkingar som oppfyller særskilde kriterium, og Sandøy er truleg ikkje klar til å nyttiggjere seg slik undersøking før våren 2016.

VURDERING

I Sandøy har lokal kontaktperson for kommunereformarbeidet så langt vore ordførar. Sitjande ordførar tek ikkje attval, og ny kontaktperson må på plass frå slutten av september. Det er viktig at personen har kapasitet til arbeidet. Det må vurderast å tilsetje koordinator, då omfanget av arbeidet om det blir samanslåing blir vurdert som svært stort.

Arbeidet så langt med reforma har vore krevjande og med stort tidspress. Ut i frå milepælsplan lagt frå statsråd til lokalt arbeid, vil vidare arbeid også vere slik. Dei som skal ha posisjonar i reformarbeidet, må vere innstilte på dette. Rammene for dei einskilde må bli lagt til rette for at dette er mogleg, både med omsyn til frikjøp og anna tilrettelegging. Dette må ein kome nærmare tilbake til når ein set rammene for vidare arbeid og ny milepælsplan for arbeidet hausten 2015.

Rådmannen vurderer det samla arbeidet i Sandøy til å ha vore i tråd med forventningane både frå statsråd, fylkesmann og kommunestyre.

ØKONOMISKE KONSEKVENSAR

Ressursbruken i arbeidet er stor og aukande, og dei kr 200 000 i skjønnstilskot vil truleg ikkje vere til strekkeleg for å dekkje alle kostnader. Det er pårekneleg med overforbruk på ansvar 100 - politikk, men denne prognosene framleis usikker.

KONKLUSJON

Rådmannen ber kommunestyret ta status per juni 2015 i lokalt arbeid med kommunereforma til vitande.

Saksframlegg og vedtak oversendast som statusrapport for lokalt arbeid til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan 1.7.2015.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
rådmann

Utskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Sunnmøre Regionråd

Rett utskrift
Sandøy kommune, 19.06.2015

Annlaug K. Myklebust
Annlaug Knardal Myklebust
konsulent